



## **Møte i Studentparlamentet**

nr 3/22-23

Onsdag 30. november 2022  
Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

## Saksliste

Sak 24 – 22/23:	Opprop og val av møteleiiing .....	3
Sak 25 – 22/23:	25.1 Godkjenning av innkallinga.....	3
Sak 25 – 22/23:	25.2 Godkjenning av sakslista.....	4
Sak 25 – 22/23:	25.3 Godkjenning av referat frå møte 10.10.22.....	5
Sak 26 – 22/23:	Orienteringar .....	5
Sak 27 – 22/23:	Revidering av forretningsorden.....	6
Sak 28 – 22/23:	Info frå SiVolda om studenthyblar .....	7
Sak 29 – 22/23:	Revidering av vedtekter, pris for internasjonalisering .....	8
Sak 30 – 22/23:	NSO velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform.....	9
Sak 31 – 22/23:	Gåve på 100 000 kr frå Sparebanken Møre.....	10
Sak 32 – 22/23:	Val av ny informasjonsansvarleg .....	11
Sak 33 – 22/23:	Val av ny fagansvarleg .....	13
Sak 34 – 22/23:	Val av ny nestleiar.....	15
Sak 35 – 22/23:	Supplering til Studentparlamentet.....	17
Sak xx – 22/23:	Eventuelt.....	17

## Sak 24 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

### Namneoppop

#### Val av møteleiing

##### AU sitt forslag til vedtak:

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Ammy Bolme og Andrine Kompen er dagens teljekorps

## Sak 25 – 22/23: 25.1 Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

##### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 25 – 22/23: 25.2 Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista må meldast inn under dette punktet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

		<b>Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.11.22</b>	*	Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		Leiar
16.30	24	Opprop og val av møteleiar	V	Ordstyrar
	25	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	26	Orienteringar	O	Leiar
16.50	27	Revidering av forretningsorden	V	Org.kons.
17.00	28	Studenthyblar i SiVolda	D	Leiar
17.30		Pause		
17.45	29	Revidering av vedtekter, Pris for internasjonalisering	V	Internasjonalt
17.55	30	NSO Velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform	D/V	Leiar
18.25		Pause		
18.40	31	Gåve på 100.000 kr frå Sparebanken Møre	D	Velferd
19.10	32	Val av ny informasjonsansvarleg i AU	V	Infoansvarleg
19.20	33	Val av ny fagansvarleg i AU	V	Fagansvarleg
19.30	34	Val av ny nestleiar i AU	V	Nestleiar
19.40	35	Suppleringsval til Studentparlamentet	V	Velferd
		Eventuelt		
20.00		Møtekritikk, møteslutt		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

## Sak 25 – 22/23: 25.3 Godkjenning av referat frå møte 02.11.22

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar  
Vedlegg: Vedlegg 1. Referat frå møte i Studentparlamentet 02.11.22

---

Studentparlamentet godkjenner formelt møtereferatet frå sist møte.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 10.10.22.

## Sak 26 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Leiar

---

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Buddyweek
- Fadderveka – rekruttering
- Julebord
- Kaarstad 100

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda

Info frå Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

## Sak 27 – 22/23: Revidering av forretningsorden

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Organisasjonskonsulent
Vedlegg:	Vedlegg 2. Forretningsorden
	Vedlegg 3. Revidert utkast til forretningsorden

---

Forretningsorden til Studentparlamentet har ikkje vore revidert sidan 2017, og mykje av det som står i den er difor utdatert. Arbeidsutvalet har gått igjennom dokumentet og utarbeida ein revidert versjon, med både redaksjonelle endringar og oppdatert innhald.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner framlagt forslag til ny forretningsorden for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda.

### **Bakgrunn**

Forretningsorden er styringsdokumentet som definerer korleis møta i Studentparlamentet skal gjennomførast, med retningslinjer for møteleiinga, ordsiftet og avrøystinga i parlamentet.

Sjå elles vedlegga.

## **Sak 28 – 22/23: Info frå SiVolda om studenthyblar**

Type sak: orientering-/diskusjonssak

Saksframleggar: Internasjonalt ansvarleg

---

AU har invitert SiVolda ved administrerende direktør Jan Henning Egset til å orientere om SiVolda generelt, og studenthyblar i Volda spesielt. Kva utmerkar seg i Volda samanlikna med andre studiestader når det gjeld studentbustader?

## Sak 29 – 22/23: Revidering av vedtekter, pris for internasjonalisering

Type sak:	orientering-/diskusjonssak
Saksframleggar:	Internasjonalt ansvarleg
Vedlegg:	Vedlegg 4. Vedtekter til pris for internasjonalisering Vedlegg 5. Revidert utkast av vedtekter til pris for internasjonalisering

Vedtektene for Pris for Internasjonalisering vart sist endra i mars 2018, og har hatt behov for revidering. AU byrja sjå på dette i vår, ved tidlegare internasjonalt ansvarleg, Fady Gemayel, og no har sitjande AU arbeidd seg igjennom gjeldande vedtekter og utarbeidd eit oppdatert utkast. I prosessen har AU fått innspel frå Internasjonalt kontor ved HVO, Pangaia og SiVolda.

I tillegg til ein del redaksjonelle endringar, er den største innhaldsmessige endringa at ein endrar samansetjinga av juryen og går frå 4 til 5 jurymedlemmar.

Gjeldande vedtekter	Forslag til nye vedtekter
4 jurymedlemmar. Juryen si samansetjing: Internasjonalt ansvarleg i Studentparlamentet Velferdsansvarleg i Studentparlamentet Internasjonalt kontor ved Høgskulen i Volda Studentsamskipnaden i Volda	5 jurymedlemmar. Juryen si samansetjing: Studentparlamentet v/internasjonalt ansvarleg Internasjonalt kontor ved HVO Studentsamskipnaden i Volda Pangaia Rektoratet ved HVO

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til reviderte vedtekter for Pris for internasjonalisering.

### Bakgrunn

Pris for internasjonalisering er ein pris som blir delt ut kvart år i samband med internasjonal dag ved Høgskulen. Prisen vart oppretta i 2017 etter forslag frå Studentparlamentet, og er eit samarbeid mellom Studentparlamentet, HVO og SiVolda.

Prisen går til ein studentorganisasjon, eit studentlag eller studentfestival tilknytt Høgskulen i Volda som har utmerkt seg med ein særleg innsats for å inkludere internasjonale studentar, jobbe for mangfald og bidra til internasjonalisering.

Prisen er på 10 000 kr, og kostnaden er fordelt slik: 5 000 kr frå Studentparlamentet, 2 500 frå Internasjonalt kontor og 2 500 frå SiVolda.

Les meir her: <https://www.hivolda.no/studentparlamentet/pris-internasjonalisering>



## Sak 30 – 22/23: NSO velferdspolitisk og utdanningspolitisk plattform

Type sak:	Diskusjons/vedtakssak
Saksframleggar:	Leiar
Vedlegg	Vedlegg 6. Velferdspolitisk plattform (2019) Vedlegg 7. Utdanningspolitisk plattform (2019) Vedlegg 8. Plattform om organisering av universitets- og høyskolesektoren Vedlegg 9. Likestillings-, inkluderings-, og mangfaldspolitisk plattform (2018)

---

Studentparlamentet skal diskutere og eventuelt vedta innspel til Norsk Studentorganisasjon si første innspelsrunde av politiske plattformer som skal til behandling på landsmøtet 2023.

Følgjande spørsmål ønskjer NSO at parlamentet tenker over og eventuelt svarar på:

1. Velferdspolitisk plattform: Er det noe NSO mener i dag som medlemslaget mener at vi ikke skal mene lengre, eller endre mening om?
2. Velferdspolitisk plattform: Er det noe vi i NSO ikke mener noe om i dag, som vi bør mene noe om?
3. Utdanningspolitisk plattform: Er det noe NSO mener i dag som medlemslaget mener at vi ikke skal mene lengre, eller endre mening om?
4. Utdanningspolitisk plattform: Er det noe vi i NSO ikke mener noe om i dag, som vi bør mene noe om?
5. Hva savner dere av politikk på likestilling, inkludering og mangfold i NSO?
6. For begge: Er det noe dere som medlemslag er spesielt opptatt av som dere ønsker at arbeidsutvalget tar høyde for i utforming av nye plattformforslag?
7. Andre innspill?

### Bakgrunn:

På sentralstyremøte 2 i NSO blei det vedtatt at *Velferdspolitisk plattform* og *Utdanningspolitisk plattform* skal reviderast. Det blei også vedtatt å oppheve *Politisk plattform for organisering av universitets- og høyskolesektoren* og *Likestillings-, inkluderings- og mangfaldspolitisk plattform*, fordi desse skal innlemmast i dei to førstnemnte.

Arbeidsutvalet i NSO ønskjer å gjennomføre ei open innspelsrunde blant medlemslaga nå før jul, der ein kan gje overordna innspel til utdanningspolitisk plattform og velferdspolitisk plattform tidleg i prosessen. Ein står fritt for kor stort omfang ein ønskjer å svare på spørsmåla, og kva spørsmål ein vil svare på.

Frist for innspel er 9. desember.

## **Sak 31 – 22/23: Gåve på 100 000 kr frå Sparebanken Møre**

Type sak: Diskusjonssak  
Saksframleggar: Velferdsansvarleg Andrine Kompen

---

I høve feiringa av Henrik Kaarstad bygget si 100 års feiring, fekk studentparlamentet ei gåve frå Sparebanken Møre på 100 000 kronar. Pengane skal gå til studentvelferd og studentfrivilighet. AU stiller spørsmål til korleis desse pengane skal nyttast. Skal dei investerast i noko langvarig som alle kan nytte seg av, til døme møblar, pergola, osv. Eller skal dei gå i ein pott der studentar kan søke om pengar til sosiale arrangement på sitt kull.

På dette møtet legg vi opp til ein diskusjon om kva pengane frå Sparebanken Møre skal nyttast til.

## Sak 32 – 22/23: Val av ny informasjonsansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Informasjonsansvarleg

---

Informasjonsansvarleg Severine Riise Eidem reiser på utveksling komande semester, og Studentparlamentet gjennomfører derfor suppleringsval. Informasjonsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ny informasjonsansvarleg for Studentparlamentet 22-23, med verkeperiode 01.01.23-30.04.23.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Nyvalde medlemar vil få opplæring i vervet.

Informasjonsansvarleg har ansvar for å halde vår grafiske profil og informasjonsmateriell oppdatert, i tillegg til å produsere innhald til våre sosiale medium. Informasjonsansvarleg samarbeider tett med resten av AU, samt kontor for kommunikasjon ved HVO, for å få ut informasjon om det Studentparlamentet jobbar med til ei kvar tid. Arbeidet skal medverke til at vi når ut til nye studentar slik at fleire kan ta del i og vere aktive i studentdemokratiet.

Informasjonsansvarleg er fast medlem i Valstyret ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** gode kommunikasjonsferdigheiter, interesse for promotering, kjennskap til relevante programvarer, gode samarbeidsevner og rolleforståing.

## Stillingsomtale for informasjonsansvarleg i AU i Studentparlamentet

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

Arbeidsutvalet (AU) følgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i stillingsomtalen, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein måned etter endt verv.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd i året (unnateke juli).

### Informasjonsansvarleg sine arbeidsoppgåver

---

- Har ansvaret for Studentparlamentet sin grafiske profil, herunder utforming av profilerings- og informasjonsmateriell.
- Bidreg til innhaldet på nettsidene, og held våre sosiale medium oppdaterte.
- Promoterer Studentparlamentet sine aktivitetar og arrangement.
- Samarbeider med kommunikasjonsavdelinga ved HVO.
- Er fast studentrepresentant i Valstyret ved HVO.

## Sak 33 – 22/23: Val av ny fagansvarleg

Type sak: Vedtaksak  
Saksframleggar: Fagansvarleg

---

Fagansvarleg Nina Pettersen ønskjer å trekkje seg frå vervet, og Studentparlamentet gjennomfører derfor suppleringsval. Fagansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ny fagansvarleg for Studentparlamentet 22-23, med verkeperiode 01.01.23-30.04.23.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Nyvalde medlemar vil få opplæring i vervet.

Fagansvarleg har ansvar for å følgje opp studierelaterte saker for Studentparlamentet, og er fast kontaktperson og koordinator for dei tillitsvalde. Vi arrangerer ca 2 møter i semesteret for alle tillitsvalde, der fagansvarleg sørgjer for at dei har god informasjon og opplæring i rolla som tillitsvald. Fagansvarleg følgjer også opp arbeid knytt til Studiebarometeret. I arbeidet samarbeider du blant andre med Studentombodet, organisasjonskonsulent, leiinga ved Høgskulen, og resten av AU.

Fagansvarleg er fast representant Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** rolleforståing, gode samarbeidsevner, interesse for fagleg aspekt og kvalitet i høgare utdanning.

## Stillingsomtale for fagansvarleg i AU i Studentparlamentet i Volda

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

Arbeidsutvalet (AU) fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i stillingsomtalen, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein måned etter endt verv.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd i året (unnateke juli).

### Fagansvarleg sine arbeidsoppgåver

- Fylgjer opp studierelaterte saker for Studentparlamentet.
- Er kontaktperson for dei tillitsvalde, og har ansvar for opplæring og oppfølging av dei.
- Arrangerer møte med Studentrådet, som består av alle tillitsvalde, minst ein gong i semesteret
- Sikrar god informasjon ut til studentmassen om tillitsvaldordninga, gjennom bl.a. oppdatering av tillitsvaldhandboka, i samarbeid med informasjonsansvarleg.
- Samarbeider med Velferdsgruppa og andre relevante aktørar for å tilby fagrelaterte kurs og opplæring.
- Er fast studentrepresentant i Utdanningsutvalet ved HVO.

## Sak 34 – 22/23: Val av ny nestleiar

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Nestleiar

Nestleiar Severine Riise Eidem reiser på utveksling komande semester, og Studentparlamentet gjennomfører derfor suppleringsval. Studentparlamentet vel nestleiar mellom dei 4 valte representantane i AU (informasjonsansvarleg, internasjonalt ansvarleg, velferdsansvarleg og fagansvarleg). Alle dei 4 kan stille som kandidat, og vervet som nestleiar kjem i tillegg til vervet ein allereie er valt til.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein nestleiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.01.23-30.04.23.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Nyvalde medlemar vil få opplæring i vervet.

Nestleiar skal vere leiars stadfortredar ved behov og deltek på leiingsmøte saman med leiar. I tillegg er personen vara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest. Nestleiarvervet kjem på toppen av det vervet vedkomande har i AU, og det er forventa at ein på denne måten har høve til å leggje meir i det vervet, sidan honoraret aukar. Nestleiarvervet er honorert tilsvarande ei 20% stilling (unnateke juli), og bør rekne med å nytte 10 timar i veka på vervet (inkludert vervet ein alt har) i tillegg til faste møter.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** fleksibel, lyttande, stor arbeidskapasitet, gode samarbeidsevner og rolleforståingar.

## Stillingsomtale for nestleiar i AU i Studentparlamentet i Volda

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

Arbeidsutvalet (AU) fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i stillingsomtalen, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein månad etter endt verv.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd i året (unnateke juli).

### **Nestleiar sine arbeidsoppgåver**

- Er leiars stadfortredar og avlastar leiar ved behov
- Får delegert noko meir oppgåver enn øvrige AU-medlemmar
- Delttek på leiingsmøte saman med leiar
- Er vara for leiar i Studentrådet UH-Nett Vest



## Sak 35 – 22/23: Supplering til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg

---

Det er nokre ledige plassar i Studentparlamentet som følgje av at studentar har trekt seg, har reist på utveksling eller liknande. Det gjeld følgjande verv:

Mediefag	Fast representant
	Første vara
	Andre vara
FRI	Tredje vara

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval nye studentar til verva.

## Sak xx – 22/23: Eventuelt

Type sak:  
Saksframleggjar:

---

Møtekritikk etter formell møteslutt.